



Karen Pedersen Brede med lua på i klasserommet i januar i år

FAU ved Uskedalen skule har no klaga til fylkesmannen over manglande tiltak for utbetring av arbeidsmiljø og inneklima ved skulen. Den har ikkje vore helsegodkjent sidan 2010.

Sidan ein atter må venta på renoveringsstart og elevane ikkje får oppfylt dei krav dei har til det fysiske arbeidsmiljøet blir saka sendt til fylkesmannen. FAU kan ikkje sjå at opplæringslova opnar for utsett renovering grunna dårleg økonomi.



Denne fløyen skal renoverast

FAU viser til at den nordre fløyen som huser 90 elevar (3. til 7. trinn) samt arbeidsrom for dei tilsette er dårleg vedlikeholdt og har ikkje vore renovert sidan den vart bygd i første halvdel av 1990-talet. No blir det ikkje renoveringsstart før tidlegast i 2014.

FAU viser til at elevane ved fleire høve har opplevd å koma til arbeidsrom der temperaturen har vore heilt ned i 13 grader og det toppa seg no i januar. Når det bles vort det ekstra ille, då går vinden tvers igjennom den gamle og ikkje isolerte delen av skulen.

Elevane må sitja inne med ytterkle og det er uheldig når dei må ut til friminutt i dei same kleda. Den låge temperaturen går og ut over undervisninga som blir amputert når elevane sit og frys og ikkje klarar å konsentrera seg. Dei blir meir fokusert på kor kaldt det er enn på det dei skal læra.

Inneklimaet er heller ikkje bra om våren og sommaren når sola står på. Det er dårleg ventilasjon og lufting og fleire føresette kan fortelja om elevar med hohudverk når dei er på skulen.

Grunna den økonomiske situasjonen i kommunen og vedteke utsetjing av renovering må elevane tilbringa enno fleire år i undervisningsrom der inneklimaet ikkje er i samsvar med dei faglege normane som fagstyresmaktene tilrår.

FAU viser til fleire lovar og krav til det fysiske arbeidsmiljøet og meiner at dagens standard ikkje ivaretar elevane og dei tilsette sitt fysiske arbeidsmiljø. I tillegg seier opplæringslova at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Brevet er underteikna av Johannes Hjørnevåg, Hildegunn Klette og Haldis Amalie Åkra.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen